



Det Kgl. Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato
2014000659-4		Jorunn Hatlevoll	57641203	K1 - 024	25.03.2015

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten

Det er gjort følgjande vedtak i saka:
Kommunestyret - 015/15:

Kommunestyret sluttar seg til fråsegna frå Sogn regionråd.

Med helsing

Jorunn Hatlevoll
sekretær

Vedlegg:

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten
Skatteoppkrevjing - fråsegn.pdf

Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/15	Kommunestyret	19.03.2015

Sakshandsamar: Alf Olsen jr

Arkiv:

Arkivsaksnr. 14/659 - <doknr>

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten

Kort samandrag:

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 26.2.2015 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten. Lærdal kommune sluttar seg til denne vurderinga.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til fråsegna frå Sogn regionråd.

19.03.2015 Kommunestyret

Røysting:

Samrøystes

KS-015/15 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til fråsegna frå Sogn regionråd.

Vedlegg:

Skatteoppkrevjing - fråsegn.pdf

Saksutgreiing:

Lærdal kommune deler Sogn regionråd sine vurderingar og sluttar seg til fråsegna slik ho ligg føre. Fråsegna går fram av eige vedlegg i saka.



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
15/206-4
Dykkar ref.
14/3202
Dato
02.03.2015

Finansdepartementet

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 26.2.2015 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten.

Ei overføring vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis blir 98,8% av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat. Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatane for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart-økonomi. Gevinstar ved ei statleggjing er mangelfullt utgreidd og usikre.

Overføring vil også fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaga i høyringa inneber ei svært uheldig sentralisering av arbeidsplassar også i vårt område.

Ønske om å forbetre tenesta kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Under alle omstende er det feil å gjennomføra endring no og ikkje sjå skatteinnkrevjing i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift